

**Sakshandsamar:**

Lars Erik Lunde
E-post: lars.erik.lunde@sfj.no
Tlf.: 57638102

Vår ref.

Sak nr.: 17/9053-9
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 04.03.2019

Stryn Kommune

Svar - Søknad om forskottering av gang- og sykkelveg Loen - Solvik, Stryn kommune

Vi syner til brev datert 21.02.2019 med søknad om forskottering av gang- og sykkelveg Loen – Solvik i Stryn kommune.

Vi syner vidare til møte om saka på hjå Statens vegvesen 28.02.2019 med representantar frå Stryn kommune, Statens vegvesen og Sogn og Fjordane fylkeskommune der Stryn kommune v/ ordførar Sven Flo presenterte prosjektet og søknaden om forskottering nærmare.

Kommunen orienterte om at det er lagt opp til at reguleringsplanen kan vere klar for endeleg behandling og vedtak i kommunestyret tidleg haust 2019. Statens vegvesen signaliserte i møte at dei kan bidra med kvalitetssikring av reguleringsplanen før denne vert sendt på høyring dersom kommunen ønskjer dette.

Stryn kommune er kjent med at prosjektet ikkje er prioritert i handlingsprogram for investeringar på fylkesvegnettet i perioden 2019-2022, og at prosjektet såleis ikkje stettar fylkestinget sine krav til forskottering ut frå vedtekne retningslinjer (vedlagt).

Som vi orienterte om i møtet vil søknaden frå kommunen bli lagt fram for hovudutval for samferdsle i møte 19.03.2019 som «skriv og meldingssak». Dette for at utvalet skal vere orientert om søknaden. Før det kan leggjast fram ei sak til fylkestinget for behandling vil det vere behov for å ha ein godkjent reguleringsplan for prosjektet med eit kostnadsoverslag med uvisse på +/- 10 pst.

Ut frå planlagt framdrift i reguleringplanprosessen kan det vere mogleg å leggje fram ei sak for behandling fylkestinget 8.10.2019. Dette føreset at Stryn kommune kan leggje fram ein oppdatert søknad basert på ein godkjent reguleringsplan for prosjektet innan 1. september.

I søknaden ber vi kommunen spesifisere ein forskotteringsum (inkl. mva.) samt vurdere tidspunkt for refusjon av forskotteringa frå fylkeskommunen. I søknaden bør det også vere ei vurdering av kven som skal ta den økonomiske risikoen for ev. overskridingar i prosjektet. Søknaden bør også innehalde ein omtale av kven som ev. skal ha ansvaret for alle delar av gjennomføringa av prosjektet.

Dersom fylkestinget gjer vedtak om at kommunen kan forskottere prosjektet vil det måtte inngåast ein forskotteringsavtale mellom kommunen og fylkeskommunen som m.a. avklarar forhold knytt til ansvar, økonomi og risiko. Fylkeskommunen vil også stille krav til at vegen skal byggast etter gjeldande handbøker og normalar og at alle forhold knytt til grunnverv er avslutta før vegen kan omklassifiserast til fylkesveg.

Med helsing

Dina Lefdal
fylkesdirektør

Lars Erik Lunde
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Retningslinjer for forskottering – vedtekne i fylkestinget 14.12.2010.

Mottakar (ar)

Stryn Kommune Tonningsgata 4 6783 STRYN

Kopi til:

Statens vegvesen Region Vest Askedalen 4 6863 LEIKANGER